



Karl Anders Stene
Veråsvegen 105
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3101 - 18/30613

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
05.10.2018

Vedkomande kommunalt vatn og avløp - GBNR 108/2 Veråsvegen 107

Eigedom: Gbnr 108/2
Adresse: Veråsvegen 107
Eigar: Karl Anders Stene
Gebyr: Vass- og avløpsgebyr bustad kr. 2974,94 (eksl.mva) og kloakkavgift bustad kr. 3622,71 (eksl.mva).

INFORMASJON OM PLIKT TIL BETALING AV KOMMUNALE VASS- OG AVLØPSGEBYR – GBNR 108/2 GARDSNAMN VERÅSVEGEN 107

Lindås kommune har tatt i bruk eit nytt digitalt verktøy for registrering av kommunale gebyr for vatn og avløp. I samband med dette, samt søknad om deling av eigedom, har vi registrert at bustad på din eigedom **gbnr 108/2** med **adresse Veråsvegen 107** ikkje er registrert med kommunale gebyr.

Lindås kommune vil informere om at din eigedom er lagt inn i vårt system og at du vil få tilsendt faktura på gebyr for vatn og avløp i samsvar med til ei kvar tid gjeldande gebyrforskrift for kommune. Gebyrforskrifta finn du på kommunen si heimeside:

<http://www.lindas.kommune.no/prisar.309686.nn.html>

Gebyret vert fakturert med verknad frå **01.10.2018**.

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg gjev kommunen rett til å krevje gebyr for kommunale vass- og avløpsstenester. Dersom du meiner at gebyret ikkje er korrekt, ber vi om skriftleg tilbakemelding innan 26.10.2018.

Vi gjer merksam på at utsending og betaling av faktura ikkje inneber noko godkjenning av påkopling til offentleg vatn- og avløpsnett etter reglane i plan- og bygningslova og/eller dei standard abonnementsvilkåra for vatn og avløp som gjeld for Lindås kommune. Det same gjeld for



bruksendring av bygning utan at det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova, t.d. frå fritidsbustad til heilårsbustad.

For spørsmål kan du ta kontakt med Arne Helgesen på telefon 56375669 eller på e-post: arne.helgesen@lindas.kommune.no

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Karl Anders Stene

Veråsvegen 105 5955

LINDÅS